

Grunnlagsdokument utviklingsplan 2024-2028

Vurdering av planbehov

I dette dokumentet er planbehov for perioden 2024-2028 drøfta. Dokumentet er eit vedlegg til Stad kommune sin utviklingsplan 2024-2028



1 Innleiing

Stad kommune har satt seg som mål å utarbeide ein planstrategi som er koordinert, gjennomførleg og lett å forstå og bruke. Difor er det viktig å ta ein grundig vurdering av kva planar som skal reviderast og utarbeidast i perioden og kor mykje menneskelege og økonomiske ressursar vi må sette av for ein kvar plan.

I 2020 blei Stad kommune ein ny kommune. I perioden frå 2020-2023 vart mange omfattande og overordna planar utarbeidde for å sikre eit plansystem som dekker heile kommunen.

Planar vedteken i 2020-2023:

- Kommuneplanen sin samfunnsplan 2020-2032
- Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035
- Kommunedelplan for helse 2023-2035
- Temaplan for kultur 2023-2035
- Lokal transportplan 2022-2034
- Frivilligpolitisk plattform 2022-2024
- Plan for friluftslivet sine ferdselsårer 2023-2026
- Bustadpolitisk handlingsplan 2023-2030
- Strategi for innkjøp 2023-2026
- Temaplan for vassforsyning, avløp, og overvatn 2023-2034
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020-2024
- Leve heile livet handlingsplan 2022-2025

2 Planar for utvikling av samfunn og organisasjon

Stad kommunestyre er lokal planmynde og skal gjennom si planlegging fremje ei berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Den nye kommunelova lovfestar det kommunale sjølvstyret og kommunen sitt mynde til å drive samfunnsutvikling.

Kommunen har moglegheit til å påverke si eiga utvikling, og kva vi vel å gjere er difor viktig for korleis samfunnet vårt vil utvikle seg. Det er utfordringar og moglegheiter i samfunnet og den kommunale administrasjonen, og ynsket om å gjere noko med dei er grunnen til at vi lagar planar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel har vi bestemt at berekraft skal ligg som premiss i alt vi gjer og at endring er ein føresetnad for å vere livskraftig.

3 Planbehov og bakgrunn for val i planstrategien

Stad kommune er framleis ein relativt ny kommune, og har enno ikkje fått utarbeidd alle ønska planar for kommunen som samfunn og organisasjon.

Sjølv om Stad kommune har god kompetanse og erfaring med planarbeid, vil det ta tid å jobbe fram alle dei ønska planane. Organisasjonen har allereie fleire samfunns- og arealplanar under arbeide og har avgrensa ressursar og kapasitet til planlegging. Det blir difor viktig diskutere kva planar som bør reviderast eller utarbeidast, sett i lys av gevinsten den einskilde plan vil gi for anten samfunnet eller organisasjonen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er blitt vedteken i desember 2020 (KS-sak 20/140). Kommuneplanen sin samfunnsdel set mål for utvikling av heile kommunen. Samfunnsmålet er som følgjer: «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.». Dei siste fire åra har vi gjort oss gode erfaringar med samfunnsdelen. Vi har jobba godt med forankring av innhaldet, og mot den ønska utviklinga. Vi fekk positiv oppmerksomheit for planen i nasjonal samanheng og opplev at planen er eit velfungerande dokument. Likevel ser vi i planperioden behov for å gjer mindre redaksjonelle endringar for å

tilpasse planen Stad kommune sitt overordna plansystem.

I tråd med formannskapet sitt vedtak juni 2024 (F - 24/087) skal vi i tillegg revidere [kapittel 6.1 – overordna strategiar for arealplanlegging i Stad kommune](#).

Kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Arealdelen er ein viktig premissgjevar for samfunnsutvikling i kommunen.

Arbeidet med kommunen sin arealdel står sentralt og kan bli nemnt som ein av dei viktigaste planprosessar i perioden. Kommunen har eit behov for å sjå arealdisponeringane og føringane for arealbruken i ein heilskap, på tvers av dei gamle kommunegrensene. Dette arbeidet vil vere ressurskrevjande og arbeidet er forventa å gå over fleire år. Gjennom planprogram som vert lagt fram haust 2024 vil ein mellom anna avgjer ambisjonsnivå og måten ein skal arbeide på.

Kommuneplanen sin arealdel skal bygge på samfunnsdelen. I første omgang vil det vere viktig å rydde i arealplanane våre (**planvask**)- det vil seie evaluere og oppheve reguleringsplanar som er utdatert.

Kommunedelplan for naturmangfald

skal startast opp parallelt med oppstart av arealplanen. Ein naturmangfaldplan er ein plan der kommunen identifiserer og tar omsyn til sine naturverdiar. Slik ein plan skal sikre at naturen blir forvalta på ein god måte og gjennom dette bidra til å stanse tap av naturmangfald. Ein naturmangfaldplan vil fungere som eit

viktig kunnskapsgrunnlag til meir grundige interessevurderingar som skal gjerast i kommande arbeid med rullering av KPA.

Plan for bruk av kommunale eigedom

Eigedomane er den største bundne ressursen Stad har ingen overordna plan for korleis kommunen skal ta i vare sine samla roller som strategisk eigar, tenesteytar og forvaltar.

Eigedomsverksemda til Stad kommune må vere heilskapleg, berekraftig og med evne til å gjennomføre, og det blir difor tilrådd at det vert utarbeidd ein overordna, strategisk plan for eigedomsverksemda.

Plan for mangfald og inkludering

Tidlegare bestemte vi oss for å utarbeide ein plan for mottak av flyktingar og integrering. Grunna kapasitetsutfordringar blei planen ikkje utarbeida. I denne perioden legg vi opp til å utarbeide ein plan som femner breiare. Ein plan for inkludering og mangfald skal fremme likeverd, mangfald, like moglegheiter, tilgjengelegheit og tilrettelegging for alle i kommunen, uavhengig av kjønn, alder, språk, etnisitet, nasjonal opphav, økonomi, religion og livssyn, funksjonsevne, kjønnsidentitet og seksuell orientering. Planen skal gi felles retning for å auka mangfald og inkludering.

Strategi for reiseliv og næringsstrategi

I arbeidet med kommunesamanslåinga vedtok fellesnemnda for Eid og Selje tre

strategiske utviklingsplanar: Strategi for reiseliv, strategi for stadutvikling og næringslivstrategi. Sidan 2019 har mykje skjedd innan næring og reiseliv. Mellom anna kan vi nemne utviklinga av cruisenæring, Stad skipstunnel, men også pandemien.

For å utvikle eit berekraftig reiseliv i regionen og vere i stand til å ta kunnskapsbaserte avgjersler ser vi behov for å oppdatere reiselivsstrategien. Ein **cruisestrategi** blir mellom anna del av dette arbeidet.

For å møte utfordringane og ta ut potensialet som næringslivet i Stad står ovanfor, og for å kunne ta strategiske vegval, ønskjer vi å oppdatere næringslivstrategien.

Digitaliseringsstrategi

IKT Nordfjord sin digitaliseringsstrategi skal reviderast og det er behov for å arbeide ut ein eigen plan i Stad, som synleggjer korleis organisasjonen skal jobbe og prioritere for å ta ut det potensialet som digitalisering gjev. Innbyggjarane og næringslivet skal ha eit brukarvenleg og godt digitalt førsteval. Dei tilsette skal på si side ha gode og effektive arbeidsprosessar og tilpassa opplæring i bruk av digitale verktøy. Som eit ledd i dette må ein også følgje opp personvernreglane og utvikle datatryggingsskulturen i organisasjonen.

Lovpålagde planar

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Etter alkohollova § 1-7 er kommunen pålagt å utarbeide en alkoholpolitisk

handlingsplan og oppdatere den kvar 4. år.

Avfallsplan for hamner

Kommunen som hamneansvarleg pliktar å utarbeide ein avfallsplan i samråd med rørte partar. Avfallsplan skal sendast til statsforvaltaren for godkjenning. Planen skal reviderast kvart 5. år. Stad kommune har pr i dag ikkje ein oppdatert avfallsplan for hamner.

Smittevernplan

I smittevernlova er krav til plan for kommunen sitt arbeid i høve smittevern forankra. Stad kommune skal revidere eksisterande planen.

Beredskapsplan for sin helse- og omsorgstjeneste

Kommunen plikter å utarbeide en beredskapsplan for sin helse- og omsorgstjeneste i samsvar med [helseberedskapsloven](#). Planen skal samordnes med kommunens øvrige beredskapsplaner.